



LINDÅS KOMMUNE

Eining for eigedom

## Lånekontrakt Knarvik Idrettspark, Knarvikmila 2016

Utleigar: Lindås kommune ved Atle Vaage

Leigetakar: Knarvikmila ved Eddie Ebbesvik

Følgande lånekontrakt er inngått mellom Lindås kommune og Knarvikmila, for Knarvikmila sitt arrangement i 2016;

Knarvik stadion: Frå og med onsdag 30. august klokka 15.00 til og med søndag 4. september. I tillegg Knarvik Xtrem frå og med tysdag 23. august til og med onsdag 24. august.

Øvrige uteanlegg: Frå og med fredag 2. september klokka 08.00 til og med søndag 4. september.

Nordhordlandshallen fotballhall: Frå og med tirsdag 30. august klokka 17.00 til og med søndag 4. september.

Nordhordlandshallen parketthall: Frå og med fredag 2. september 08.00 til og med søndag 4. september.

Nordhordlandshallen kafeteria og inngangsparti: Frå og med tysdag 23. august til og med onsdag 24. august, samt i perioden torsdag 1. september til og med 4. september.

Låneforholdet omfattar bruk av alt tilgjengeleg parkeringsareal på kommunal grunn i Knarvik Idrettspark. Låneforholdet omfattar bruk av straum og vatn frå kommunale uttak. Knarvikmila får vidare tilgang til bruk av kommunalt eigd utstyr som høyrer til idrettsanlegga. I henhold til samarbeidsavtale mellom partane, vil Lindås kommune stilla med nødvendig banemannskap som bistår med praktiske oppgåver knytt til anlegga.

### Vilkår:

Knarvikmila er økonomisk og juridisk ansvarleg for arrangementet. Herunder ligg plikt til halda forsikring som dekkar skader som måtte bli påført deltakarar og publikum, dugnadsarbeidarar, samt areal og utstyr som inngår i denne lånekontrakten.

Knarvikmila pliktar å utarbeida plan for vakthald, branntryggleik og evakuering for bruken av Nordhordlandshallen. Denne skal leggjast fram for utleigar seinast 22. august 2016.

Lånetakar pliktar å overhalda allmenne reglar for ro og orden. Lånetakar pliktar å syta for fullstendig opprydding før dei forlet plassen. Herunder kjem og bortkjøring av avfall. Anlegga innandørs og utandørs skal vera ferdig rydda i løpet av måndag 5. september.

Dersom det er nødvendig å lagra varer/utstyr i Nordhordlandshallen i tida før arrangementet, skal dette avklarast på førehand med Lindås kommune.


Denne avtalen er skrive ut i to eksemplar, eit til kvar av partane.

**Vilkår:**

Denne avtalen er skrive ut i to eksemplar, eit til kvar av partane.


Knarvik 23/5 2016

**For Lindås kommune**

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Atle Vaage', written over a horizontal dashed line.

**Atle Vaage**

**For Knarvikmila**

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Eddie Ebbesvik', written over a horizontal dashed line.

**Eddie Ebbesvik**